

**VOSS**  
**FRIVILLIG**  
**SENTRAL**  
**ÅRSMELDING**  
**2024**



# VOSS FRIVILLIGSENTRAL

Voss Frivilligsentral er ein lokalt forankra møteplass som vert driven ut frå lokale føresetnadar, ynskje og behov. Voss Frivilligsentral skal ta initiativ til, mobilisera og samordna lokal frivillig innsats i eit samarbeid mellom frivillige eldsjeler, lag/foreiningar, Voss herad og andre offentlege instansar.



## Styret i Voss Frivilligsentral valt av årsmøte 13. mars 2024:

Leiar: Oddvar Nestås

Nestleiar: Arve Langvandsbråten

Medlemmar: Anette Haugen, Heidi Ure, Kirsten Øvrebø og Marit Tveito Askeland.

Varamedlemmar: Stein-Johnny Heggstad, Inger Toril Bye og Katrina Øvsthus Stavenes\*

\*I desember gjekk vara for Marit Tveito Askeland, Katrina Øvsthus Stavenes, ut av styret. Inn kom Jenny Kjerland.

Valnemnd: Olaus Kyte og Anne Lise Lid

Revisor: Marit Nedkvitne



## Medlemmar:

VFS er ein open organisasjon for alle frivillige lag og organisasjonar. Her er alle velkomne.

## Styremøte:

Det har vore seks styremøte og styret har behandla tretti saker.

## Organisering:

Dagleg leiar, Pernille Olafsen Mustad, driftar organisasjonen i 100% stilling.

Reinhaldar vaskar 2 timar i veka.



# ØKONOMI

**Voss Frivilligsentral byrjar å byggja opp ein stabil økonomi.** Me får støtte frå Kultur- og likestillingsdepartementet, som dekkjer 60 % av drifta, medan dei resterande 40 % kjem frå Voss herad. Dette utgjorde totalt kr. 922 000,- for 2024.

Sentralen har søkt om mykje støtte i år og har fått gåver frå mellom anna Sparebanken Vest, Hardangerstiftinga, Voss Sparebank, Vekselbanken, Voss herad, Gjensidigestiftelsen og Vestland fylkeskommune. Saman med Voss herad, Kirkens Bymisjon Voss og Voss Røde Kors har me fått midlar frå ein privat aktør til arbeid for ungdom.

Totalt har det kome inn kr. 592 000,- i stønadar i 2024. Ein del av desse midlane vert med vidare inn i 2025.

Sentralen har fått momskompensasjon, noko som gjer at me går godt i pluss i årsrekneskapen.

## Kommentar frå rekneskapsførar:

Resultatet viser et overskudd pr kr 77 897,- mot et overskudd på kr 23 523,- i 2023.

Selskapet har egedelar på kr 689 640,- herav kr 680 240,- som er bankinnskudd.

Det er avsett kr 330 000,- i balansen til prosjekt som ikke er satt i gang/ferdigstilt. Denne er stor økning fra år 2023 på kr 260 000,-

Balansen viser også kortsiktig gjeld på kr 180 971,-. Resten er skyldige avgifter og feriepengar.



# SAMARBEID

**Voss Frivilligsentral har samarbeidd med ei mengde organisasjonar og instansar i 2024.** Samarbeid er ein viktig del av arbeidet vårt, og me trivst godt i lag med andre.

Frivilligsentralen er ein viktig del av Frukostgruppa til Ungdomsavdelinga i heradet. Frukostgruppa samarbeider om aktivitar til det beste for barn og unge i heradet. Me samarbeider òg med heradet om aktivitetar for eldre. I tillegg har me hatt mykje godt samarbeid med Kirkens Bymisjon, Røde Kors, Voss herad, Voss Gatebil, Utferdslaget, Voss Hagelag, Kyrkja, Frelsesarmeen og Biblioteket.

Første tysdagen i månaden inviterer me lag og organisasjonar til kaffi og prat for å sjå på korleis me betre kan samarbeida på tvers av organisasjonar og sektorar.

## Samarbeid i 2024:

- Bingo, song og mat med Helsefag på Voss gymnas (ca 50 eldre som kom)
- Familiedag ved Aktivitetsparken (ca 800 deltakarar)
- Gratis kveldskøyring for 5. - 10 klassingar med skikurs (ca 200 deltakarar)
- Inspirasjonskveld for foreldre (ca 250 deltakarar)
- Rekrutteringsmøte for frivillige (ca 60 deltakarar)
- Diverse kursing
- Frivilligdagen og Generasjonsleikane (ca 200 deltakarar på Generasjonsleikane)
- Kulturtreff med musikk for eldre og born (ca 30 - 50 deltakarar)
- Versdagen for psykisk helse (ca 60 deltakarar)
- Ope Jolefeiring (30 deltakarar)
- Me har komme me innspel til Frivilligpolitikken og Fritidserklæinga
- Me bidreg med gjennomføring og planlegging av aktivitetar Friluftslivetsår.
- Me sitt i :
  - Frivilligforum i heradet
  - 'Ekstern referansegruppe – revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel/ KPS'.
  - Reransegruppe - Rasmiddelpolitisk handlingsplan



# FRIVILLIGE



**Frivilligsentralen har over 100 frivillige natteramnar og over 20** som deltek i éin-til-éin-arbeid i fylgjetenesta. Me har sju frivillige som arrangerer aktivitetar på huset og åtte som har frivillige verv i styret.

Totalt i år har Voss Frivilligsentral hatt nær 1000 timar med frivillig arbeid, noko som utgjer ein verdi på kr. 300 000,-.

Me arrangerar ein lunsj for dei frivillige vår og vinter. I år oppmoda me dei frivillige til å bli med på Vossasvint'n. Dettie vil me fortsetta med.



I september starta me *Fredagens Frivillig* på Facebook. Her visar me at me set pris på dei som jobbar frivillig i samfunnet. Dette er blir godt tatt imot.

## MC- OG NATTERAMN

**Voss MC- og Natteramn** er drifta av frivilligsentralen og har hatt over 100 frivillige til å gå og køyra på Vangen i helgar, vår som haust. Til saman har MC- og Natteramnane bidrege med 400 timar frivillig arbeid.

Gjennom prosjektet Natteramn samarbeider me tett med ungdomsavdelinga i Voss herad og me sit i SLT-gruppa. Me har eit godt samarbeid med utekontakten, skular og politiet.

I januar arrangerte me Inspirasjonskveld for foreldre og ungdom, med stor suksess.

Me har Kick Off og kurs for ramnane våre. I år har Scandic Voss bidrege med frukost to gonger. Dette er ein klapp på skuldra til dei frivillige etter endt sesong. Sentralen gjekk i folkatoget 17. mai, det var stor stas!



# AKTIVITETAR ELDRE

I sommar arrangerte me sju ulike aktivitetar for eldre. Til dømes var det besøk til Hanguren, Vetlebotn i Myrkdalen, Haugesenteret i Ulvik, kino med meir. Ein stor suksess! Det møtte alt frå 3 til 30 deltakarar.

Me har òg bidrege med å laga ein kalender med oversikt over aktivitetar gjennom året for godt vaksne.

Voss Frivilligsentral har fleire aktivitetar på huset for eldre:

- Strikkekafé kvar fredag (ca. 15 deltakarar)
- Kararlag kvar fredag (ca. 5 deltakarar)
- Gå deg glad – fram til sommaren, kvar onsdag (ca. 4 deltakarar)
- Middag og song – frå hausten av, annakvar veke (ca. 6 deltakarar)
- Dataklubb – nyoppstarta i desember (ca. 8 deltakarar)



## KURS

Saman med Voss herad har frivilligsentralen arrangert fleire kurs for frivillig lagsliv i 2024:

- Kurs i styrearbeid
- Kurs i Friskus
- Fleire kurs i søknadsskriving



# SUPERLEIKANE




Frivilligsentralen har prosjektansvar og leiing for superleikane i Myrkdalen. Eit samarbeid med Vestland Idrettskrets. Dette er eit gjevande vinterarrangement for menneske med funksjonsvariasjonar.



## MEDIA OG MERKSEMD

Me har hatt over 11 oppslag i Avisa Hordaland, og me har blitt intervjuet av NRK Vestland. Me har halde føredrag for klassar ved Voss gymnas, og me har hatt innlegg på næringslivets møteplass på Voss, Last Tuesday, samt for Voss Sentrum. I haust fekk me òg vere med i reklamefilmen for Hjartebank til Sparebanken Vest.

Frå 2024 til 2025 har vi auka rekkevidda vår på Facebook med 532 %. Vi har hatt 101 000 visingar og 32 500 organiske besøk på visingane våre. Fredagens Frivillig får mest merksemd. Vi aukar òg i talet på klikk på bedriftsprofilen vår på Google.



# OPPSUMMERING

Gjennom året har sentralen opplevd stor oppslutning og mange gode tilbakemeldingar på aktivitetane våre. Suksesskriteria har vore samarbeid, inkludering og tilrettelegging for deltaking.

Me ser fram til nye moglegheiter i 2025 ynskjer å byggja vidare på det sterke engasjementet som er i lokalsamfunnet.

Me vil takka alle samarbeidspartnarar, frivillige og deltakarar for godt samarbeid og engasjement i 2024 Dette hadde ikkje vore mogeleg utan dykk!

Helsing dagleg leiar og styret i  
Voss Frivilligsentral

